

Serviceerklæring Ulvik herad

LANGTIDSPLASS I INSTITUSJON

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2 pkt 6 – c), jfr. § 3-1, Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om verdig eldreomsorg og reglar knytt til Forvaltningslova.

Føremål med tenesta

-Langtidsplass er for kronisk sjuke og/eller funksjonshemma som ikkje klarar å ivareta eigenomsorg for seg sjølv av fysiske eller psykiske årsaker og der andre deltenester innan helse og omsorg ikkje kan gi nødvendig helsehjelp i heimen

Kven kan få tenesta

- Personar med samansette pleie og omsorgsbehov med behov for døgkontinuerleg tilsyn og pleie som ikkje kan dekkast i heimen
- Søkjjar til langtidsopphald skal ha prøvd ut/vurdert andre kommunale hjelpeordningar i heimen og fysisk utbetring av eigen bustad med aktuelle støtteordningar/ deltenester evt. tilbod om omsorgsbustad.
- Søkjjar til langtidsopphald vil i dei fleste tilfella ha vore på korttidsopphald i forkant av søknad om langtidsplass.

Innhaldet i tenesta

- Bebuarane får tilbod om å få dekkja grunnleggjande fysiologiske behov med vekt på omsorg og fagleg kompetanse
- Standard hygieneartiklar vert dekkja av institusjonen (shampoo/tannpleiemiddel/såpe), andre artiklar som etterbarberingsvatn, deodorant, fuktigheitskrem, o.l. må den enkelte dekkja sjølv
- Tilbod om personleg tilpassa tekniske hjelpemidlar

ETTER YNSKJE:

- Tilbod om deltaking ved dagaktivitetssenteret eller andre sosiale arrangement
- Tilbod om frisør / fotpleie (frisør/fotpleie må betalast av den enkelte)
- formidla samtale med prest / familie
- hjelp til innkjøp av klede v/behov og andre personlege ting og hjelp til økonomistyring av lomme pengar etter næramre avtale med pårørande og/eller hjelpeverge
- Personlege eigendeler og/eller møblar kan takast med etter avtale med avdelinga (obs! overmøblering)

Kva du kan forventa av oss som tilsette

- Me møter deg på ein høfleg og respektfull måte
- Tilsette held teieplikta
- Me vil arbeida for å få til eit samarbeid med deg som er basert på tillit og tryggleik
- At tilsette har faglege og personlege kvalitetar/kompetanse til å løysa/utføra oppgåvene
- Du får tilpassa hjelp og rettleiing med støtte og hjelp til å oppretthalda ressursar og funksjonsnivå

-Avdelinga kan hjelpe til med å bestilla namneband til privat tøy. Dette må betalast av den enkelte.

Kva forventar me av deg som brukar/pårørande

- At du/pårørande merkar ny-innkjøpte klede før dei vert lagt i kleskapet til den enkelte bebuar (evt. merkepenn i påvente av namneband).
- At privat tøy er funksjonelt og tåler hyppig maskinvask
- Tøy som må rensast – må du eller dine nærmaste ordna
- Avklaring av ansvarsforhold rundt økonomistyring

Praktiske opplysningar

- Betalingssatsar: Eigenbetaling etter faste statlege satsar - Jfr. ”Forskrift om vederlag for opphold i institusjon”
- Sjukepleiefagleg ansvarleg : Avdelingsleiar omsorg.
- Tilsynslege 2 ggr / veke
- Fysioterapi og ergoterapi etter ei behovskartlegging.

Saksgang ved søknad om langtidsplass

- Det må føreliggja eigensøknad frå søkjar/pårørande. Den som søker langtidsplass skal ha signert søknaden før sakshandsaming kan ta til- dersom det er mogeleg.
- Inntaksnemda handsamar søknaden.
- Vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter vedtak i Inntaksnemda

Klage

- Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar
 - Klagefristen er 4 veker frå du har motteke vedtaket
 - Du vil kunne få hjelp/retteleiing til å utforma klagen ved å ta kontakt med avdelinga
 - Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn informasjon om saksgang i klagesak.
- Tlf Ulvik omsorgstun: 56527080
- Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyni 30, 5730 Ulvik